# Halvårsplan vinter-vår -99

| Arrangement | Dato | Måned | Ansvarleg |
|---|---|---|---|
| Julekonsert | 19. | des. | Terje |
| Juletrefest | 28. | des. | Kåre |
| Øvingshelg | 7.8.9. | jan. | Johan |
| Årsfest | 22. | jan. | Johan K, John Inge, Gun Tove, Laila, Birthe, Roar St. |
| Øvingshelg | 4.5.6. | febr. | Johan |
| NM brass Bergen | 11.12.13 | febr. | Johan |

## Bli medlem og abonnent

Denne utgåva av Vredens Gnag går til alle husstandar i Vestre Krets. Vil du vere passiv støttemedlem, og få denne avisa ein gong i månaden, betalar du inn vedlagt giro. Hugs å skriv namnet ditt på giroen. Prisen er 100 kroner fram til mars neste år. I dag går avisa til 130 abonentar. Sjølv om korpsdrifta pregar innhaldet, så er her plass til mykje anna.

## Juletrefest i Vågsvåg

Det blir juletrefest på skulen i Vågsvåg tirsdag 28. desember. Festen startar klokka 18.00. Alf Låstad og Lars Bråthen i Frelsesarmeen seier dei alt gler seg til denne festen som er ein av dei kjekkare dei er med på. Så det er berre å komme seg ut av gostolen, og få litt julestemning saman med andre.

**Du kan alltid stole på på Canon**

## Tipp og vinn

Kva instrument spelar Trond Viggo Gravdal?

---

Send svaret til:

***Vredens Gnag***

Vågsvåg
6700 MÅLØY

## Rett svar sist

Kva dato er Sogn og Fjordane meisterskap for korps?
Svar:

**20. november**

Ingen klarte oppgåva denne gongen



*Jula-99*

# Vredens Gnag

*Informasjonsavis for Torskangerpoll Musikklag*

*Nr. 11* *6.. årgang* *Laussal: Gratis* *Desember 1999*

# For eit meisterskap!!!!

**Torskangerpoll Musikklag har igjen fått mykje ros etter eit prikkfritt gjennomført Sogn og Fjordane Meisterskap 1999. Dei tilreisande korpsfolka var svært godt fornøgde. Det heile glei godt, og arrangementet fall tydeleg i smak. Mange meinte dette var det beste mesterskapet dei hadde vore på. Trass i at det var laber påmelding så gjekk alt prikkfritt. Høgdepunktet var nok dei to konsertane med Tomra Brass Band. Torskangerpoll fekk ein fin andreplass i konkurransen. I solistklassen vann Helene Færestrand.**



*Her er Torskangerpoll i aksjon under konkurransen med dirigent, Eirik Gjerdevik*

## Torskangerpoll Musikklag vil ynskje alle ei God Jul og eit Godt Nyttår

**Tips Vredens Gnag TLF: 57 85 44 64 Fax 57 85 0872**
E-mail: «erlingw@sf.telia.no»
Heimeside: http://home.telia.no/t.poll/

# Resultatliste Sogn og Fjordane meisterskapen

**Brass**
1 Jølster musikklag
92 + 8 = 100 p
2 Torskangerpoll musikklag
89 + 7 = 96 p
3 Kjølsdalen musikklag
87 + 8 = 95 p
4 Florø hornmusikk
84 + 5 = 89 p
5 Fjordbrass
83 + 5 = 88 p

**Janitsjar**
1 Sogndal musikklag 90 + 8 = 98 p

**Solist klasse 1**
1 Sølvi Mari Fløtre, Svelgen
86 p
2 Renate Storøy, Smalsarhorn
84 p
2 Line Kjøsnes, Svelgen
84 p

**Solist klasse 2**
1 Helene Færestrand, T.poll
90 p
2 Monika Stensaker, Jølster
88 p
3 Ola Jørgen Kyrkjeeide, Stryn
87 p
3 Harald Fagerheim Bugge, Eid
87 p

**Solist klasse 3**
1 Sigyn Solberg, Florø
91 p
2 Otto Søvig, Florø 89 p

**Ensemble klasse 1**
1 Skei skulemusikk, klarinettkvartett
86 p
2 Hjelle skulemusikk 85 p
3 Solund skulemusikk
84 p
4 Skei skulemusikk, messingkvintett
83 p

**Ensemble klasse 2**
1 Vassenden skulemusikk
90 p
2 Skei skulemusikk, klarinettduo
86 p

Dommarar under konkurransen var Arnfinn Dalhaug (t.v.) og Jan Roger Øren, opprinneleg frå Årdal.







# Månedens portrett: Trond Viggo Gravdal

**Navn:** **Trond Viggo Gravdal**
**Født:** **11/1 1976**
**Bosted:** **Vågsvåg**
**Sivilstatus:** **Enslig**
**Yrke:** **Lagerarbeider**
**Favorittmat:** **Klubb**
**Hobby:** **Musikk, fotball, oppfinnelser**

*Av. Ivar Torskangerpoll*

Trond Viggo startet å spille i 1987 i Holvik Skulekorps og han spilte da baryton Det fortsatte han med i 6-7 år, og har så senere spilt ess og B-tuba, Trond Viggo begynte i T. M. i 1997, og var et kjærkomment innslag i korpset i en vanskelig tid med tubaister Han har og drevet litt idrett, helst judo og fotball. Og han var en av de bedre hopperne i Utigardsbakken. Han avtjente verneplikt i Helgelia, Bardufoss Og han kom seg gjennom militærtjenesten uten refs, sier han, med krav om å bli trodd på Trond Viggo har planer om å begynne å studere igjen. Det er 90 prosent sikkert at han vil prøve på det. Det er transportøkonomi, transport og logistikk han tar sikte på å fordype seg i. Han har truck- og lastebilsertifikat og det kommer godt med når korpset har litt større arrangement, og større saker og ting må flyttes på. Ellers har Trond Viggo forsøkt seg på litt av hvert, og han har gjort noen oppsiktsvekkende oppfinnelser som ikke noe patentbyrå ville ha noe med å gjøre. Man blir som kjent ikke potet i egen åker, så ikke gi opp Trond Viggo. Blant mange ting han har funnet opp er: Lommelykt som går på solkraft, oppblåsbar dartskive, vanntette håndklær, tørket vann i pulverform (røres ut i vann!), rullestol drevet med pedaler og fallskjerm med angreknapp.Det var kanskje en noe merkelig merittliste dette, men han har et godt hode, og han sto ofte på det når han ble fotografert som barn. Da han var på tur nylig oppdaget han at et kart egentlig er et stort stykke papir som forteller deg alt du trenger å vite, bortsett fra hvordan man skal få brettet det sammen igjen. Han har vært blant søkerne til det ledige embetet som høyesterettsjustitiarius. Og han meldte seg frivillig som korrespondent til Hannibalsfeiden, på svensk side. Da han skulle på julebord nylig, gjorde han seg nytte av internett for å få knytt sin slipsknute. Han har bæretillatelse på liten skiftenøkkel. Trond Viggo er en still, rolig og grei gutt, og han er en stolt eier av en eføy av ukjent opprinnelse. Lykke til med eventuelle studier, Trond Viggo.



## Julaften i gamle dager

Det er ikke bare nå for tiden at planleggingen av julefeiring og juleforberedelsene begynner lenge før jul. Det som i første rekke er nytt i den senere tid er alle de styggens julebordene. Vi tok kontakt med en dame på 90 år og ba henne fortelle om hvordan de gjorde forberedelser og feiret jul da hun var barn og ungdom. Når det gjaldt mat begynte de tidlig på høsten å lage til julemat, spesielt det som hadde med kjøttmat å gjøre. Til jul skulle alt det beste frem. I den tiden slaktet de dyrene på gårdene, og de laget alle mulie gode matvarer av slaktet. Når det gjaldt julegaver var det mye hjemmelagde gaver, kvinner strikket, broderte og sydde for harde livet. Mannfolkene sine gaver besto helst av sløydarbeid og litt annet også. Noen gaver ble kjøp også. Når så julaften dukket opp var det vanlig å spise frokost i 8-9 tiden. Så var det middag i 12-tiden. Middagen besto bestandig av fersk fisk som var fisket om morgenen og grøt. Rikelig med grøt så det ble nok til nissene om kvelden også. Etter dette ble det så slappet av litt. Så begnte kvinnene å forberede seg til hovedmåltidet. Pinnekjøtt og hjemmelaget mår. Mannfolkene fikk juletreet på plass og pyntet det. Juletreet ble aldri pyntet før julaften på den tiden. Så var det spising i 19-20 tiden, etter at fjøsarbeidet var ferdig og grøten var satt ut til fjøs-nissene. Men før spising var det alltid en av familien som leste jule-evangeliet, som regel husfaren. Etter maten var det så gang om juletreet en stund. Så kom kveldens høydepunkt, spesielt for barna, nemlig gaveutdelingen. Etter at freden hadde senket seg, ble det servert kaffe og kaker ( 18-20 sorter). Så litt leking med julegavene, hvis det var leker blandt gavene. Og litt frukt og snadder inn i mellom ble det også. Julaften ble avsluttet med et gedigent måltid med brødmat med alskens pålegg som var blitt laget i løpet av høsten. Så det var en stor eter-dag. Det var ikke hverken radio eller elektrisk strøm på den tiden, så det ble brukt stearinlys og oljelamper til belysning, vedkomfyr til matlaging. Ofte ble lysene støpt av oss selv. Jeg minnes med glede de julaftenene da jeg var ung, og det var alltid snø i jula på den tiden, sier den livfriske 90-åringene. Kanskje skulle vi ta med noe av deres måte å feire jul på inn i vår stressede tid?

## Slapt juletre

Dette er et åpent brev til den mannen som solgte meg juletre i fjor. Du var rundt 50 år og rødmusset. Ute var det fem minusgrader, det snødde, og du gikk i en Tskjorte som det sto "Hong Kong øl? Sailors Bar" på. Husker du meg? Det var jeg som kom overraskende på deg noen minutter før stengetid. Du sto med ryggen mot verden og telte tusenlapper og humret for deg selv. Jeg vil bare bemerke et par små ting: 1: Jeg betalte for 2,00 meter juletre. Det viste seg å være 1,65 meter. NB: Min meterstokk er korrekt (kontrollert av Justervesenet). 2: Da treet ble plassert på juletrefoten lillejulaften, gikk det på en måte ned i knestående. 3: Da Tøfflus (kinosjefen) i "Jul i Skomakergaten" knasket litt for hardt på kruspersillen sin, mistet granen ca. 8000 barnåler. 4: Da jeg noen minutter senere skjelte ut gorojernet, falt de resterende nålene av. Ellers har jeg ingenting å bemerke på handelen. God jul.



# Nyttårsball

## Lørdag 22. januar 20.00 i Turnhallen i Måløy.

**Det blir nydeleg middag, lett underhaldning og super dansemusikk.**

**Få med deg venner og kjente og meld deg på.**

**Sal av flytande forfriskingar. (Skjenkeløyve).**

| | |
|---|---|
| **Oppmøte** | **: kl. 19.30** |
| **Start** | **: kl. 20.00** |
| **Pris pr. person** | **: 199 kroner** |
| **Påmeldingsfrist til** | **: 10. jan. kl.15.50** |
| **John Inge Våge** | **: 57854460 eller** |
| **Gun Tove Gursli** | **: 57854525 eller** |
| **Eller hos A.Oldeide** | |

*Arrangør: Torskangerpoll Musikklag*

# Kongens sølv til Arne Torskangerpoll



Ikkje fritt for at han vart overraska, korpsveteran Arne Torskangerpoll, då han under m eisterskapsfesten for Smeisterskapsdeltakarane fekk tildelt Kongen Fortjenestemedalje i Sølv. Det var ordfører Roger B. Silden som stod for den høgtidelege utdelinga. Kona Aasta fekk og blomster. Dermed så skal Arne til Oslo fder han får helse på Hans Majestet Kong Harald.

Arne visste ikkje om denne utmerkinga, og seier den kom svært overraskande. Men spesielt moro tukkte det at han fekk prisen under eit korpsarrangement der mange av korpsfolka var til stades.

Medlemmene i Torskangerpoll Musikklag stilte med spesiallaga fanfare for Arne, og alle gratulerte Torskangerpoll Musikklag sin dirigent gjennom femti år, med å gje han kvar si raud rose. Vredens Gnag gratulerer, og seier fullt fortent, Arne.





## Hjarteleg takk og gratulerer, Torskangerpoll Musikklag!

Styret og



administrasjonen i NMF Sogn og Fjordane ønskjer å rette ei hjarteleg og inderleg TAKK til dykk for nok ein flott gjennomført fylkesmeisterskap! Vi veit kor mykje arbeid og innsats de la ned før og under dette arrangementet og vår takk går difor til absolutt alle som på ein eller annan måte var med på gjennomføringa av meisterskapen. Ei ekstra takk til dei som var mest involverte med konkurranseansvarleg Terje Vage i spissen.

Tilbakemeldingane og kommentarane fortel sitt om arrangementet: prikkfritt arrangert frå start til slutt. Deltakarane storkoste seg både under sjølve konkurransane og på festen. De viste nok ein gong at når gjengen frå Torskangerpoll er i sving, då blir arrangementet perfekt.

Helga vil i tillegg takke dykk for eit svært godt samarbeid heilt frå planlegginga av meisterskapen tok til. I tillegg til å vere dyktige, har de eit humør som gjer det ekstra triveleg å arbeide i lag. Vi ser fram til eit like godt samarbeid i framtida!

Beste helsing NMF Sogn og Fjordane
Bodil og Helga

**Suksess med Tomra Brass**

Våre gjester frå Møre, Tomra Brass Band gjorde stor suksess under meisterskapen. Lørdag kveld underheldt dei meisterskapsdeltakarane med ein gedigen konsert i Samfunnshallen. Søndag klokka 13.30 klarte dei å trekke 150 i Nord-Vågsøy Kyrkje til ein fantastisk kyrkjekonsert. Korpset som har base i Tomrefjorden skal konkurrere i elitedivisjonen i februar, altså blant dei beste korpsa i landet. Denne helga fekk vi vite kvifor. Korpset er i storslag under sin dirigent, Arnfinn Dalhaug.

Dalhaug var dommar saman med Jan Roger Øren, og begge vargodt fornøgd med meisterskapen.

